



Fedje landhandlari og turistinformasjon

Referansar:

Dykkar:

Vår: 23/486 - 23/5483

Sakshandsamar:

Rolf Martin Raknes

rolf.martin.raknes@fedje.kommune.no

Dato:

10.11.2023

Vedtak ang søknad om plassering av skiltinstallasjon

Administrativt vedtak. Saknr: 045/23

Saksutgreiing:

Me syner til søknad motteke 07.11.2023

I vedlegg er det vist til ynskje om oppsetting av skiltinstallasjonen som skal, med et «glimt i øyet», liste opp og indikere retning til overnattingsstader, restaurantar, relevante stader å besøke samt aktivitetar på Fedje. Skiltinstallasjonen er konstruert sånn at det enkelt kan gjerast endringar, og kan på den måten gjerast mest mogeleg dagsaktuell. Det vert søkt om godkjenning av plassering som vist i søknad side 2. Det visast til at tiltakshavar har innhenta uttale frå Vestland Fylkeskommune (vegmynde) og grunneigar, dei har gjeve sitt samtykke til plasseringa.

Kommunen ser at denne installasjonen kan ha positiv verknad for dei besøkjande til Fedje. Det vil vera nyttig for reiselivsnæringa at det vert mogeleg å orientera seg raskt i høve til kva tilbod som finnast i «Landsbyen i havet». Når so vegmynde og grunneigar også er positive, står det berre att ei vurdering etter plan og bygningslova. I lova § 30-3 lyder det mellom anna «*Skilt- og reklameinnretninger må ikke virke skjemmende eller sjenerende i seg selv, i forhold til omgivelsene eller for trafikken, eller i strid med ønsket utvikling i kommunen.*» Etter kommunen sin vurdering er det her ikkje grunn til å tru anna enn at dette omsynet er godt ivareteke, og at plassering og utforming er god (ref. vedlegg til søknad). Områda omkring ferjekaien kan få ulik utvikling framover, difor vil kommunen gå inn for at løyve ikkje vert løyvd permanent, men inntil vidare. Det gjev betre rom for eventuelle endringar fram i tid.

Vedtak

Fedje kommune gjev inntil vidare løyve til oppsetting av skiltinstallasjon som beskrive i søknad av 07.11.2023.

Løyve er gjeve inntil vidare, med vilkår om at det ligg føre samtykke frå grunneigar og vegmynde (Vestland fylkeskommune).

Løyve er gjeve inntil vidare, med heimel i plan- og bygningslova § 30-3 om skilt og reklameinnretningar, samt plan- og bygningslova § 29-2 om visuelle kvalitetar.

Med helsing

Rolf Martin Raknes
Kommunalsjef samfunnsutvikling

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Fedje landhandleri og
turistinformasjon